



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2027 - Fastsetjing av valdag og opningstider

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time Valstyre	001/26	02.09.2026
Time kommunestyre	053/26	08.09.2026

Kommunedirektøren si innstilling

- Kommunestyre og fylkestingsvalet 2027 blir avvikla over ein dag, måndag 13. september 2027.*
- Opningstidene i Time blir slik på valdagen:*

<i>Bryne krins</i>	<i>kl. 09.00 – 21.00</i>
<i>Undheim, Lye og Frøyland krins</i>	<i>kl. 12.00 – 21.00</i>

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2027 - Fastsetjing av valdag og opningstider

Saka gjeld

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2027 – fastsetting av valdag og opningstid for vallokala.

Saksopplysningar

I statsråd 7. mai 2026 er valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet fastsett til måndag 13. september 2027.

Kommunestyre kan vedta etter [vallova § 9-1 \(4\)](#) om kommunen også skal halda val søndag 12. september 2027.

Etter vallova § 9-1 (5) fastset kommunestyret opningstida for vallokale. Det er likevel ikkje høve til å fastsetje at lokala skal haldast opne ut over kl. 21.00 valdagen, jf. vallova § 9-1 (6)

Dei siste vala har kommunen opplev ein stor auke i tal på førehandsstemmer. Erfaringane frå stemmemottakarane og krinsleiarane viser at det er mindre oppmøte i vallokale på morgonen i enkelte krinsar. Dette gjeld Lye og Frøyland krins.

Vurdering

Todagars val

Time kommune har tidlegare gjennomført sundagsval utan dette har vist til auka valdeltaking. Det er heller ingen forskning som viser ved å tilrettelegge for val på søndag, førar til auka valdeltaking.

Viss ein skal gå for todagars val, vil dette ha økonomiske konsekvensar. Dette gjelder både personalmessig, organisatorisk og godtgjersle til valfunksjonærane.

Førehandsstemmeperiode

Førehandsstemmeperioden er frå 10. august og fram til fredagen før valdagen. I tillegg kan veljarar som ikkje har moglegheit til å stemme i den ordinære førehandsstemmeperioden, tidlegstemme frå 1. juli til 9. august.

Det blir og lagt til rette for førehandsstemming på institusjonane i kommunen, JDPS og Bryne vidaregåande skule, samt heimestemming for personar som er sjuke eller uføre, og dermed ikkje kan koma til eit vallokale.

Ut frå tidlegare erfaringar og med god tilrettelegging av førehandsstemmeperioden, vurderer kommunedirektøren at det ikkje vil vera behov for sundagsval.

Eiga sak om tilrettelegging av førehandsstemming blir lagt fram seinare.

Opningstid

Opningstidene i krinsane på valdagen har vore uendra over tid. Kommunedirektøren vurderer ei endring av opningstida frå kl. 09.00 – 21.00 til kl. 12.00-21.00 i Lye og Frøyland krins.

Endringa blir vurdert til at det ikkje vil svekkja tilgjengelegheita for veljarane på bakgrunn av dette

- Alle veljarar kan stemme i kva krins dei ønsker på valdagen innad i kommunen.
- Stor auke i førehandsrøystinga dei siste valåra
- Lågt oppmøte i morgontimane på valdagen
- Erfaringar frå krinsleiarane om lite trykk før 12.00
- Meir effektiv bruk av valressursar og personell

Det vil gå ut informasjon til alle veljarar om endring av opningstidene.

Med bakgrunn i dette vurderer kommunedirektøren derfor til at opningstida for Lye og Frøyland krins har opningstid frå kl. 12.00 - 21.00. Bryne og Undheim krins blir uendra.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at kommunestyre- og fylkestingsvalet 2027 blir avvikla over ein dag med desse opningstidene.

Bryne krins frå kl. 09.00 – 21.00.

Undheim, Lye og Frøyland krins frå kl. 12.00 – 21.00.

Kommunedirektøren i Time, den 11.08.2026

Trygve Apeland

Vedlegg:

Valgdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2027

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur